

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Stordal

Emne: Beit og brom

Bygdelag:

Oppskr. av: Peter Ø Stavdal

Gard: Stavdal

(adresse): Stordal pr, Ålesund

G.nr. 88 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Eiga røysle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1 Beit er eit forslag som tildels vert nytta no tildags og, men mykje mindre en før. Kyr som er litt vane med beit likar den rett godt. Beit er det finaste riset av bjørk. Namnet BROM er ikkje kjent her, men vert brukt som verb t, d; "Han bromma vekk". D, v, s, Han driv hart på med eit arbeid.


Skal nemna at BRØT var noko dei brukte til kumat før i tida. Brøt er dei grannaste kvisterne av rogn, som dei gjerne braut av, med henderne.

2 Ein mann som hogg ris til kumat seiest det at "Han hogg beit", eller Han kvister beit. Det er gjerne av brenneveden som er køyrt til gard, han hogg riset av

3 Fyrst eg minnest var det gjerne so at det var gjeve beit heile vintern. Brenneveden vart køyd heim med rise på og so vart gjene riset avkvista etter kvart som ein høgde.

4 Til å kvista beit brukast ei LAUHØGGE og den ser om trent slik ut.

Egg-jarnet ca 15cm langt



Skaft ca 25 cm, langt

5 Det var berre kyr som fekk beit og dei fekk dem i små knippe for seg sjølv. Ikkje blanda med noko anna.

6 Beitadongen låg ute .I skuggje for sola og gjerne av-vindt. Beita er ikkje so eteleg dersom den turkø opp.

7 Å laga til beit på Langfredag er ikkje kjent her.